



## Møtebok for Kommunestyret

**Møtedato:** 16.04.2020  
**Møtestad:** Komferanserommet  
**Møtetid:** 09:00 - 12:30

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Ove Eidsnes	SA	Medlem	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	
Marit Kristin Nese	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Robert Helland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Ole Kristian Øvre Helland	SO	Medlem	
Sigrunn Almelid Birkeland	SO	Medlem	

<b>Frå administrasjonen:</b>	<b>Funksjon:</b>	<b>Rolle</b>	Merknad
Anneli Vatle Lilletvedt	systembruker	Leiar kundetorget	
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
008/2020	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/2020	Godkjenning av møteprotokoll
010/2020	Referatsaker
011/2020	Orienteringssaker
012/2020	Ekstraordinær bruk av næringsfondet i samband med koronakrisa.
013/2020	Nordhordlandspakken - punktutbetringar langs fv. 569 i Modalen
014/2020	Godkjenning av kulturplan 2020 - 2029
015/2020	Forskrift om godtgjering og velferdsgodar til folkevalde i Modalen kommune.
016/2020	Høyring Modalen kommune - Strategidokument 2020 - 2024
017/2020	COOP Modalen - vidareføring av salsløyve for alkohol for perioden 30.06.20 - 30.09.20

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	20/68

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
008/2020	Kommunestyret	PS	16.04.2020

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysningar:

### Kommunestyret - 008/2020

#### KS - behandling:

Møte vart gjennomført digitalt via Teams  
Samrøystes vedteke

#### KS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	20/68

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/2020	Kommunestyret	PS	16.04.2020

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

#### Saksopplysningar:

### Kommunestyret - 009/2020

#### KS - behandling:

Samrøystres vedteke

#### KS - vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

#### Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 13.02.2020

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	20/68

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
010/2020	Kommunestyret	PS	16.04.2020

## Referatsaker

### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
010/2020.1	Kontrollrapport 2019 vedrørende skatteoppkreverfunksjonen for Modalen kommune
010/2020.2	Protokoll Regionråd 1-2020, mandag 17. februar 2020
010/2020.3	Protokoll Regionråd 2-2020 fredag 20. mars (ekstraordinært møte grunna situasjonen med korona)

### Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

### Saksopplysningar:

### Kommunestyret - 010/2020

#### KS - behandling:

Samrøystes vedteke

#### KS - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

**Vedlegg:**

Kontrollrapport 2019 vedrørende skatteoppkreverfunksjonen for Modalen kommune

Protokoll Regionråd 1-2020, mandag 17. februar 2020

Protokoll Regionråd 2-2020 fredag 20. mars (ekstraordinært møte grunna situasjonen med korona

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	20/68

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
011/2020	Kommunestyret	PS	16.04.2020

## Orienteringssaker

### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

## Kommunestyret - 011/2020

### KS - behandling:

Rådmannen:

Det er ikkje tatt endeleg stilling til om det vert modalsdagar i 2020. Regjeringa har lagt restriksjonar t.o.m. 15. juni. Uvisst kva som skjer deretter. Må vente på kva dei nasjonale retningslinene seier for tida etter 15. juni, men mykje tyder på at modalsdagane vert avlyst.

17. mai-feiringa i Modalen 2020: 17. mai-komitèen i Modalen er i dialog med administrasjonen v/ kundetorget om korleis feiringa/markeringa best kan gjennomførast.

Kort om koronasituasjonen: Ingen smittetilfelle per d.d. Administrasjonen har nytte mykje tid på oppfølging og førebuing/beredskap. Fokus m.a. på kriseleiing, kontinuitetsplanar for evt. utbrot som kan ramme tenester. Tilsette rullerer på å vere i Modalen og mykje bruk av heimekontor.

Spørsmål frå Roger Fure: Skal campingplass og/eller båthamna opne? Rådmannen: forbodet er gått ut, det er difor ikkje restriksjonar for bruk av hamna. Saka vil bli drøfta i kommande kriseleiingsmøter.



Ordføreren:

Det har kome spørsmål om ordføreren sin habilitet i styringsgruppe for nærings- og tenestesenter. Det er gjort ei vurdering ved rådmannen - konferrert med juridisk kompetanse, og det er konkludert med at det ikkje føreligg inhabilitet. Håvard Engeset (formannskapet) er derimot vurdert som ugild då han er sambuar med ein av eigarane i UniMicro AS. Uni Micro AS er drøfta som aktuell leigetakar i nærings- og tenestesenteret, og kan bli utløysande for utviding av bygget.

Kristin Nåmdal: Tema om ugildskap må setjast på sakskartet når sak vert tatt opp.

Ordføreren orienterte om prosedyre for avstemming i dagen kommunestyre. Ordførar les forslag til vedtak. Dei som er for vedtak forhold seg roleg. Dei som er i mot vedtak må skrive dette i chatten. Ordførar sjekkar avslutningsvis i kvar sak at alle har fått gjeve si stemme. Ingen motsegn til prosedyre.

### **KS - vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-223, FA-U01	20/91

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
012/2020	Kommunestyret	PS	16.04.2020

## Ekstraordinær bruk av næringsfondet i samband med koronakrisa.

### Forslag til vedtak:

Modalen kommune vil etter søknad frå verksemder i kommunen vurdere å gje stønad i form av tilskot og/eller lån frå næringsfondet. Stønad vil bli vurdert opp imot negative økonomiske konsekvensar for verksemda i samband med koronakrisa 2020, og etter følgande kriteriegrunnlag:

- Risiko for konkurs (på kort/lang sikt)
- Risiko for økonomisk tap som fører til vesentleg endring av marknadsposisjon
- Tal arbeidsplassar som det er risiko for vil gå tapt
- Verksemder som det er vesentlege utfordringar med å reetablere
- Status eigenkapital og/eller likviditet i verksemda, evne til å kunne handtere økonomisk nedtur.
- Andre per no uspesifiserte kriteriar som kan ha relevans i saka.

Ordninga er i tillegg til vedtekter for næringsfondet og skal gjelde ut 2020. Rådmannen er vedtaksmynde for saker med søknad t.o.m. kr. 100 000,-, medan formannskapet er vedtaksmynde i saker med søknad over kr. 100 000,-.

Det vert ikkje gjeve stønad frå næringsfondet dersom det er utarbeidd økonomiske instrument frå overordna/anna off. mynde med føremål å dekkje inn tapet, jfr. økonomiske krisepakkar til m.a. næringslivet.

### Saksopplysningar:

I samband med koronakrisa som rammar mange private næringsaktørar vil Modalen kommune søkje å støtte verksemdene som held til i kommunen. Ulike verksemder vil bli ramma ulikt, og vil med det kunne ha behov for ulik stønad. Det er, og vil bli lansert nasjonale økonomiske hjelpetiltak. Desse vil ikkje kunne ivareta alle.

Det er i krisetider naudsynt å nytte ressursar best mogleg for å normalisere høva for flest mogleg som vert råka. Å sikre verksemder mot t.d. konkurs er viktig for kommunen. Kommunen sitt

næringsfond vil difor – i første omgang ut året - også bli nytta til å gje verksemdar kritisk stønad til å komme seg gjennom krisetida. Modalen kommune vil gjere ei prioriterting av søknadar.

### **Vurdering**

Rådmannen si vurdering er at næringsfondet i utgangspunktet er for å sikre vekst og utvikling av næring i Modalen. I samband med koronasituasjonen som har ramma verda vert føremålet oppretthalde ved at ein tilbyr stønad når krisa rammar. Det kan i somme tilfelle komme fleire søknadar frå same verksemd ettersom krisa/situasjonen utviklar seg. Det må det vere rom for.

Ordninga det no vert lagt opp til er i tillegg til vedtekter for næringsfondet, men i ein avgrensa periode ut 2020.

### **Konklusjon**

Rådmannen sin konklusjon er at det vert vedtake ekstraordinær ordning ut 2020 kor næringsfondet innanfor vedteken budsjetttramme og innanfor gjevne kriteriar, vert nytta til å gje tilskot/lån til verksemdar i Modalen som har blitt økonomisk ramma.

## **Kommunestyret - 012/2020**

### **KS - behandling:**

Rådmannen og ass. rådmann orienterte.

Linda Neset: Kva om det vert fleire søknadar under 100 000,- som til saman overstig kr. 100 000,-. Skal det då til formannskapet for handsaming? Rådmannen: når det samla vert sum over kr. 100 000,- skal dette handsamast av formannskapet

Kristin Nåmdal: skal næringsfondet gje stønad dersom det vert ytt statleg stønad? Kva kriteriar skal liggje til grunn, t.d. om ein har planlagt ei satsing i 2020 med utgangspunkt i liten/låg aktivitet åra før. Næringsfondsstyret har gjennom dette ekstraordinære vedtaket handlingsrom til å gjere vurderingar. Nåmdal oppmoda om at det må vere låg terskel til å kople på formannskapet som næringsfondsstyre.

Samrøystes vedteke

### **KS - vedtak:**

Modalen kommune vil etter søknad frå verksemder i kommunen vurdere å gje stønad i form av tilskot og/eller lån frå næringsfondet. Stønad vil bli vurdert opp imot negative økonomiske konsekvensar for verksemda i samband med koronakrisa 2020, og etter følgande kriteriegrunnlag:

- Risiko for konkurs (på kort/lang sikt)
- Risiko for økonomisk tap som fører til vesentleg endring av marknadsposisjon
- Tal arbeidsplassar som det er risiko for vil gå tapt
- Verksemder som det er vesentlege utfordringar med å reetablere
- Status eigenkapital og/eller likviditet i verksemda, evne til å kunne handtere økonomisk nedtur.
- Andre per no uspesifiserte kriteriar som kan ha relevans i saka.

Ordninga er i tillegg til vedtekter for næringsfondet og skal gjelde ut 2020. Rådmannen er vedtaksmynde for saker med søknad t.o.m. kr. 100 000,-, medan formannskapet er vedtaksmynde i saker med søknad over kr. 100 000,-.

Det vert ikkje gjeve stønad frå næringsfondet dersom det er utarbeidd økonomiske instrument frå overordna/anna off. mynde med føremål å dekkje inn tapet, jfr. økonomiske krisepakkar til m.a. næringslivet.

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FA-Q10	19/86

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
012/2020	Formannskapet	PS	10.03.2020
013/2020	Kommunestyret	PS	16.04.2020

## Nordhordlandspakken - punktutbetringar langs fv. 569 i Modalen

### Forslag til vedtak:

Skriv inn forslag her

Modalen kommunestyre vil understreke at prinsipielt er det Vestland fylkeskommune som vegeigar, sitt ansvar å finansiere vedlikehald og utbetring av fylkesvegnettet. Av trafikksikringsårsaker rår kommunestyret likevel til at Modalen kommune støtter prosjektet med 1.4 mill slik at alle dei 9 utbetringpunkta vert gjennomført. Midlane vert henta frå disposisjonsfond.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Nordhordlandspakken har ei rammeløyving på 2 136 000 kr (2019-kroner) til punktutbetringstiltak i Modalen som ein del av finansieringsgrunnlaget for Nordhordlandspakken. Det er inngått kontrakt med entreprenør som skal starte opp arbeidet våren 2020. Dei aktuelle tiltaka er prosjektert og er klare til gjennomføring(sjå vedlegg).

#### Vurdering

Det manglar 2,8 mill. kr for full utbygging av alle 9 punktutbetringstiltaka. Vestland fylkeskommune (VLFK) innstiller på å løyve opp 1,4 mill kr ekstra av ordninga gjennom ekstraløyvinga for punktutbetring og trygg skuleveg. Prioritering og vedtak av midlar av denne ekstraløyvinga vil skje på møte i hovudutval for samferdsel og mobilitet den 11. mars.

14. februar hadde kommunen ved rådmann og ordførar møte med prosjektleiinga i Nordhordlandspakken om prioritering av aktuelle tiltak. Modalen kommune blei i møtet utfordra til å bidra med inntil 1,4 mill kr til ei fullfinansiering av dei 9 tiltaka.

Kommunen har varsla at dei vil behandle førespurnaden på møte i kommunestyret den 26. mars. Representantar frå Nordhordlandspakken stiller på dette kommunestyremøtet i Modalen for å informere om dei 9 planlagte tiltaka, og prioritering av tiltaka. Nordhordlandspakken byrjar å bygge dei tiltaka som det er midlar til, og det vil ikkje forekome stopp i prosjektet som følge av politisk behandling av saker om ekstra løyvingar.

### **Konklusjon**

Nordhordlandspakken bed om inntil kr 1,4 mill,- i tilskot frå kommunen for å kunne utbetre alle dei 9 prosjekterte tiltaka. Saka vert lagt fram for politisk handsaming utan administrativt framlegg til vedtak.

## **Formannskapet - 012/2020**

### **FOR - behandling:**

Ordførar informerte om saka og svara på spørsmål.

Kristin Nåmdal poengterte at ho prinsipielt meiner det er fylkeskommunen som vegeigar sitt ansvar å finansiere vedlikehald og utbetring av fylkesvegane, men at ho likevel av trafikksikringsårsaker ville støtte eit kommunalt tilskot på kr 1,4 mill for å få utført alt det planlagte arbeidet på strekninga. Formannskapet slutta seg til dette.

Samrøystes vedteke

### **FOR - vedtak:**

Modalen formannskap vil understreke at prinsipielt er det Vestland fylkeskommune som vegeigar, sitt ansvar å finansiere vedlikehald og utbetring av fylkesvegnett. Av trafikksikringsårsaker rår formannskapet likevel til at Modalen kommune støtter prosjektet med 1.4 mill slik at alle dei 9 utbetringpunkta vert gjennomført. Midlane vert henta frå disposisjonsfond.

## **Kommunestyret - 013/2020**

### **KS - behandling:**

Ole Kristian Øvre Helland: Det er nyleg løyvd statlege midlar til vegutbygging i samband med krona-pakke (130 mill. til vest). Vil dette påvirke denne saka? Ordførar: det vil det ikkje. Rådmann: ekstramidlane er allereie prioritert i forhold til Vegvesenet sine prioriteringar gjort allereie. Pengane vert ikkje nytta i t.d. bompengefinansierte tiltak.

Linda Neset: Er det moglegheit for å bli prioritert med omsyn til asfaltering i Modalen? Ordførar: skal søkje ta dette opp med vegvesenet snarast.

Håvard Engeseth: Behov i m.a. Stokkevika - naudasfaltering/klatting. Viktig å ta dette med i fortsetjinga. Ordførar: skal ta dette opp i møtet med vegvesenet snarast.

Ordfører tok formannskapet sitt vedtak opp til votering. Samrøystes vedteke

**KS - vedtak:**

Modalen kommunestyre vil understreke at prinsipielt er det Vestland fylkeskommune som vegeigar, sitt ansvar å finansiere vedlikehald og utbetring av fylkesvegnettet. Av trafikksikringsårsaker rår kommunestyret likevel til at Modalen kommune støtter prosjektet med 1.4 mill slik at alle dei 9 utbetringpunkta vert gjennomført. Midlane vert henta frå disposisjonsfond.

**Vedlegg:**

Fv. 569 Rammetiltak Modalen\_Kutforslag

Tiltak punktutbetring Modalen

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Sissel Hindenes	FE-140, FA-C90	19/243

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
014/2020	Kommunestyret	PS	16.04.2020
	Kommunestyret	PS	

## Godkjenning av kulturplan 2020 - 2029

### Forslag til vedtak:

Kommunestyre vedtek kulturplanen 2020 – 2029 slik den ligg føre.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Det vart i februar 2016 fatta vedtak i formannskapet om å starta opp arbeidet med temaplan for kultur, idrett, folkehelse og friluft. Planen vert heretter omtala som kulturplan.

I 2017 fekk kommunen tilskot til folkehelseplanarbeid. I tillegg vart folkehelseoversikt 2017 utarbeida. Denne oversikten ligg til grunn for dei tiltaka som gjeld folkehelse i kulturplanen.

I mai 2018 blei eit tidleg utkast av kulturplan presentert i formannskapet.

#### Vurdering

Kulturplanen er eit viktig styringsdokument for kommuneleiinga, og skal samtstundes fungera som ei inspirasjonskjelde for lokal kulturutvikling.

I arbeidet med kulturplan har fleire aktørar kome med innspel. Det har vore ope folkemøte, innspel frå formannskapet, leiarar og frå ulike frivillige organisasjonar.

Innspela og funna i folkehelseoversikten danner grunnlaget for kulturplanen.

Mo og Kleivane Vel: Forlenging av tursti langs elva



Folkemøte: Styrketreningspark ute

Ha fleire arrangement i Bryggjeslottet

Klatrevegg i Bryggjeslottet

Museum

Oppgradering av lyd/ lysanlegg

Betre profilering av Olav Nygård

Turløype med kunstinstallasjonar, kulturløype

Rasteplassar med benker og bord og legge til rette for resirkulering

Ruste opp Hølen badeplass

Betre merking og skilting av kulturminner

Formannskapet: Modalen får eigen signaturløype

Uteplassar som som legg til rette for sosiale aktivitetar, gjerne med tak over

Utvikle havneområde

Sterkt fokus på kulturskuletilbodet

Kulturplanen må vere enkel og brukarvennleg

Lyd-og lysanlegget er oppgradert, men det trengs opplæring i bruken.

Ingen konkrete planar kring museomet i denne perioden.

Utvikling av havneområdet er ikkje prioritert i denne perioden.

### **Konklusjon**

Kulturplanen inneheldt område for idrett, folkehelse og friluftsliv. Planen er utarbeidet i tråd med funn frå Folkehelseoversikt og etter innspel frå formannskap og andre innbyggjarar i Modalen kommune.

Rådmann rår til at kulturplanen vert vedteken.

## **Kommunestyret - 014/2020**

### **KS - behandling:**

Leiar for kundetorget, Anneli V. Lilletvedt orienterte.

Ordførar: opplever at det er mange viktige tema som vert aktualisert.

Linda Neset: sti på Øvre Helland har vore del av budsjett. Kva har skjedd med dette? Badeprosjekt Øvre Helland (badeplass Hølen), kva har skjedd med denne. Ber om status til kommande formanskskapsmøte. Anneli: badeplass ligg inne med mål om ferdigstilling innan 2024. Rådmannen: Sti på Øvre Helland vert lagt inn i kulturplanen.

Kristin Nåmdal: God og ryddig plan. Ber preg av at det er gått lang tid. Sjekke årstal/ferdigstilte prosjekt. Fritidsklubben: hovudmål må endrast til at fritidsklubben skal vere sosial og trygg møteplass. Våren 2019: status, ta vekk tekst om hending i 2019 (tilsetjing, foreldrearbeid m.m.). Kommentar side. 12: fint med velferdsteknolog/digitale plattformer for eldre. Kommunen må ta føring, ikkje legge dette på frivillig sektor. Kulturstiar: Me har eit potensiale til å utbetre/oppgradere turstiar. Bør jobbe fram meir detaljert plan for dette.

Håvard Engeseth: Kva med saker/tema som evt. dukker opp undervegs? Rådmannen: ein må leggje til grunn dei saker som no har kome inn. Håvard Engeseth fremjar følgjande forslag: ynskjer gjerne at planen vert sendt tilbake til handsaming i formannskapet og deretter til kommunestyret.

Liv-Anne Aanesen: Må søkje å samordne satsing/initiativ som omhandlar tur/turstiar, hytter m.m. Saknar samordning mellom investeringbudsjett og kulturplan. Kristin Nåmdal / ordførar la fram alternativt forslag til vedtak om utsetjing av saka.

Samrøystes vedteke

### **KS - vedtak:**

Saka vert utsett. Formannskapet får saka til handsaming før den vert sendt til kommunestyret for endeleg godkjenning og vedtak

### **Vedlegg:**

Endeleg utgåve av kulturplan 2020 - 2029

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-080	20/6

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
015/2020	Kommunestyret	PS	16.04.2020

## Forskrift om godtgjering og velferdsgodar til folkevalde i Modalen kommune.

### Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtek «Forskrift om godtgjering og velferdsgodar til folkevalde i Modalen kommune» slik ho ligg føre.

Paragraf 2:

..... så snart som mogleg og seinast innan 6 mnd. (ist for 2 mnd.)

Sigrunn A. Birkeland

### Saksopplysningar:

Kommunelova slår fast at kommunestyret skal gje forskrift om folkevalde si rett til dekking av utgifter og økonomisk tap, arbeidsgodtgjering, ettergodtgjering og permisjonar.

Formannskapet i Modalen kommune gjorde i møte 03.02.20 følgjande vedtak:

*Modalen kommune vedtek å leggje framlegg til «Forskrift (dato) om godtgjering og velferdsgodar til folkevalde i Modalen kommune» ut på høyring i 4 veker, med påfølgande handsaming i kommunestyret.*

Framlegg til forskrift vart lagt ut på Modalen kommune sine heimesider 10.02.20 med høyringsfrist 10.03.20. Det kom ingen innspel eller merknader til høyringsframlegget innan fristen.

### Bakgrunn

Modalen kommune har tidlegare hatt reglement for godtgjering av folkevalde, sist revidert 02.05.19. For å imøtekomme krava i kommunelova (§ 8-3, 8-4, 8-6 og 8-10) vert det med dette lagt fram forslag til forskrift.

**Vurdering**

Rådmannen legg til grunn at Modalen kommune i tråd med kommunelova vedtek forskrift som regulerer godtgjering og velferdsgodar til folkevalde, jfr. kommunelova § 8-3, 8-4, 8-6 og 8-10.

**Konklusjon**

Rådmannen rår til at forskrift om godtgjering og velferdsgodar til folkevalde i Modalen kommune vert vedteken slik ho ligg føre.

**Kommunestyret - 015/2020****KS - behandling:**

Sigrunn A Birkeland fremma forslag om endring i fristen for kommunestyret til å sende inn krav om tapt arbeidsforteneste/reiserekning/møtegodtgjersle frå 2mnd etter gjennomført møte til 6mnd. Ordførar tok Birkeland sitt framlegg til endring i paragraf 2 med i forslag til vedtak. Samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**

Modalen kommune vedtek «Forskrift om godtgjering og velferdsgodar til folkevalde i Modalen kommune» , med endring i paragraf 2 frå innan 2mnd til så snart som mogleg og seinast innan 6 mnd

**Vedlegg:**

Forskrift om godtgjersle og velferdsgoder til folkevalde i Modalen kommune

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FA-K21, TI-&33	17/330

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
016/2020	Kommunestyret	PS	16.04.2020

## Høyring Modalen kommune - Strategidokument 2020 - 2024

### Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtek vedlagt uttale som høyringssvar på Strategidokument 2020 – 2024

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

19. juni 2019 vart Nordhordland utnemnd av UNESCO som eit biosfæreområde – eit modellområde for berekraftig utvikling. Det første strategidokumentet til Nordhordland UNESCO biosfæreområde er no klart til høyring. Dokumentet er utarbeida etter ein inviterande prosess der kommunar (politikarar og administrasjon), næringsliv, forskingsmiljø og lag / organisasjonar har engasjert seg. Meir enn 500 innspel kom det inn under prosessen.

#### Vurdering

Føremålet med strategidokumentet er å gje biosfæreområdet ein god plan for arbeidet til eit breitt engasjement for berekraftig utvikling. Dokumentet er tufta på FN sine berekraftsmål og UNESCO sine plandokument for MAB-programmet (Menneske og biosfæren). Strategien skal vere til inspirasjon og bruk for kommunane, næringsliv, lag / organisasjonar og innbyggjarane som ønskjer å slutte opp om målsettinga: Nordhordland UNESCO Biosfæreområde skal byggje på det beste frå fortida og leggje til rette for ei framtid som sikrar berekraftig bruk av alle ressursane i samfunnet - til nytte og glede for folk i dag og for kommande generasjonar.

Det er peika ut fem satsingsområde som skal bidra til målet:

- Natur og miljø
- Kunnskap og læring
- Levande lokalsamfunn
- Møteplassar og kommunikasjon
- Grøn verdiskaping

Handlingsprogrammet viser ulike tiltak til kvart av satsingsområda med oppmoding om lokale initiativ rundt om i biosfæreområdet. Handlingsprogrammet skal rullerast etter to år.

Alle innspel til strategidokumentet og handlingsprogrammet er velkommen. Høyringspartane er bedd om å vere særleg merksam på:

- Visjon og hovudmålsetting
- Satsingsområda, strategiar og tiltak
- Kva satsingsområde / tiltak bør særskild bli prioritert den komande 2-års perioden?
- Planen som verktøy for samhandling i biosfæreområdet

### **Kommunestyret - 016/2020**

#### **KS - behandling:**

Linda Neset: Er det slik at denne strategiplanen kan overstyre lokale/kommunle vedtak? Ordførar: Nei. Det er heller ikkje pålegg om vern e.l.

Håvard Engeseth: Uviss på kva somer hensikt/intensjon med planen? Krevjande å sjå kva dett tyder. Ordførar: sikre at ein har eit berekraftig samarbeid i regionen.

Sigrunn A. Birkeland: På kva premiss er Modalen inkludert i dette arbeidet? Kva meiner ein med at NH biosfære skal driftast økonomisk berekraftig - og kva evt. premiss som gjeld for kommunen. Kristin Nåmdal: kommunestyret har vedteke at Modalen skal ta del. Ingen økonomi i prosjektet som kommunen har bunde seg til.

Liv-Anne Aanesen: Biosfæreprogrammet kan t.d. nyttast som eit verkemiddel for reiselivet i Nordhordland/Modalen, men og som regulerande faktor - berekraftig turisme.

Ann-Jorunn Farestveit mista tilkoplinga til det digitale møtet, og fekk såleis ikkje avgitt stemme under røystinga.

Samrøystes vedteke av dei som fekk avgitt stemme.

#### **KS - vedtak:**

**Modalen kommune vedtek vedlagt uttale som høyringsvar på Strategidokument 2020 – 2024**

**Vedlegg:**

Høringsbrev Strategidokument Nordhordland biosfæreområde

hoyringsbrev-strategi-for-nordhordland-unesco-biosfareomrade

Høringsuttale frå Modalen kommune - Strategidokument Nordhordland biosfære

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø		20/100

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
017/2020	Kommunestyret	PS	16.04.2020

### COOP Modalen - vidareføring av salsløyve for alkohol for perioden 30.06.20 - 30.09.20

#### Forslag til vedtak:

Kommunestyret vidarefører COOP Modalen sitt løyve til sal av alkohol for perioden 30.06.20 - 30.09.20. Vilkår gjeve i kommunestyrevedtak sak 033/2016 ligg til grunn for løyvet. Løyvet omfattar COOP Marked Mo og COOP Nærkjøp Øvre Helland.

#### Saksopplysningar:

COOP Modalen sitt salsløyve for alkohol går ut 30.06.20. Gjeldande løyve vart gjeve i kommunestyret 16.06.16.

For at kommunestyret skal kunne gje løyver må kommunen sin rusmiddelpolitiske plan vedtakast. Planen vil kunne vedtakast før sommaren 2020. Deretter vil alle som ynskjer sals- og/eller skjenkeløyve for komande periode kunne søkje og få handsama dette i kommunestyret innan utløp 30.09.20.

#### Bakgrunn

I 2019 vedtok kommunestyret å revidere rusmiddelpolitisk handlingsplan. Planen regulerer kommunen sin alkoholpolitikk.

Kommunestyret skal i kvar periode – med utgangspunkt i planen - ta stilling til kven som skal gjevast sals- og skjenkeløyve i kommunen for komande periode, og kva vilkår som skal gjelde. Løyve gjevne i førre kommunestyreperiode kan gjelde fram til 30. september det første året etter at nytt kommunestyret har teke sete.



### **Vurdering**

Rådmannen si vurdering er at det er viktig at rusmiddelpolitisk handlingsplan vert vedteken før løyve for kommande periode vert gjevne. Difor bør COOP Modalen sitt løyve vidareførast fram til 30.09.20. På det tidspunktet vil det liggje føre ny plan som nye løyver skal vurderast i forhold til.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at COOP Modalen får vidareført sitt salsløyve for perioden 30.06.20 – 30.09.20, og at vilkår gjevne i kommunestyrevedtak sak 033/2016 ligg til grunn.

## **Kommunestyret - 017/2020**

### **KS - behandling:**

Roger Fure ugild i handsaming av saka, då han er dagleg leiar i COOP Modalen.

Ann-Jorunn Farestveit mista tilkoplinga til det digitale møtet, og fekk såleis ikkje avgitt stemme under røystinga.

Samrøystes vedteke av dei som fekk avgitt stemme.

### **KS - vedtak:**

Kommunestyret vidarefører COOP Modalen sitt løyve til sal av alkohol for perioden 30.06.20 - 30.09.20. Vilkår gjeve i kommunestyrevedtak sak 033/2016 ligg til grunn for løyvet. Løyvet omfattar COOP Marked Mo og COOP Nærkjøp Øvre Helland.

### **Vedlegg:**

Melding om vedtak - Fornying av sals- og skjenkeløyve for løyveperioden 01.07.2016 - 30.06.2020